

Ordførar André Mundal Haukås sin 17. mai-tale 2024 – Sveio krins

Kjære sambygding, kjære alle saman – gratulera så mykje med dagen!

I solskinet her me står samla i dag skal me vera glad for måten vi her i Noreg feirar nasjonaldagen vår på, sjølve grunnlovsdagen. Det er vår dag, folkets dag og spesielt er det bornas dag - borna som er framtida vår. Her i landet er det ingen militærparadar, ingen maktdemonstrasjonar, berre masse pynta menneske, herleg glede og barnleg lyst. Vi har mykje å glede oss over. Vi lever i eit fritt land, vi er trygge her og lever i fred.

I år er det 210 år sidan grunnlova vår vart underteikna på Eidsvoll. Den er eitt av våre alle viktigaste dokument, og formar måten landet vårt vert styrt på. Den seie kven som skal få stemme ved val, og kva rettar me som bur her i landet, skal ha.

Me er heldige som bur i eit trygt land med eit solid demokrati. Eit land der både ytrings- og religionsfridom og rettstryggleik står sterkt. I Noreg kan du kan seie, tenkje, skrive og meine det du vil. Du er fri til å elska den du vil, og tru på det du vil. Og du skal ikkje straffast utan å ha brote ei lov. Denne fridomen ser ein diverre ikkje over heile verda.

Vår fridom og vår fred er verdifull, og eg tenkjer at i ei tid som no, er det viktig å anerkjenne det arbeidet og dei offera som har vorte gjort for at vi skal kunne leve slik vi gjer i dag. Det minner oss også om kor avgjerande det er å verne om desse verdiane og å arbeide aktivt for å styrkje demokratiet og rettane – ikkje berre her heime, men også i verda ikring oss.

I november gjekk ein av dei siste krigsseglarane ut av tida 108 år gamal. Sveibuen Nils Severin Økland, deltok i om lag 50 farefulle konvoioppdrag som ein del av handelsflåten for å sikra heilt naudsynte forsyningar av mat, krigsutstyr og olja i både Nord-Atlanteren og Middelhavet under sine 40 månadar til sjøs under krigen. Han var ein av dei mange som ofra mykje for at vi i dag kan leva i eit fritt og trygt land. På ein dag som denne skal me vera takksame for den innsatsen og det motet våre veteranar har ytt for at me i dag lev i eit fritt land, men også den innsatsen våre norske soldatar bidreg med i internasjonale operasjonar for å fremja fred og tryggleik i deler av verda som mange av oss berre kjenner frå nyhendene.

Men i år er det ikkje berre Noreg som har bursdag. Også Sveio kommune har i år bursdag, og kunne 1. januar feira 60 år. På mange måtar vert det som å feire diamantbryllaup mellom dei tre tidlegare kommunane; Sveio, Valestrand og Vikebygd. Den flotte jubilanten står seg sterk og samla, og det er flott å sjå alt liv og engasjement som er i dei ulike bygdene som er med på å utvikla kommunen vidare.

Eg er heldig som ordførar å få oppleve mykje av det som skjer rundt i den vidstrakte kommunen vår, alle invitasjonane er noko eg set umåteleg stor pris på. Alle dei flotte initiativa me ser i kommunen, hadde ikkje vert moglege utan dykk i frivilligheita. De er etter mitt syn berebjelkar i lokalsamfunnet vårt.

Det har vore flott å oppleve mengda av frivillige som er med på aktivitetar både for born og vaksne. Eitt av dei første møta eg hadde med frivilligheita som ordførar, var på språksprell, der frivillige møter nye sveibuar for å øva på å snakka norsk. Ei stor gruppe av dei som deltok her, var flyktingar frå Ukraina – ei flott gruppe menneske det har vore kjekt å halde kontakten med.

Stor glede var det også då eg fekk vera med då over 100 born samla seg på Sambrukshuset, der idrettslaget med god hjelp av frivillige servere gratis kvelds på torsdagskveldane, til stor glede for både små og store som finn saman over eit glas smoothie eller ein varmande toast. Elles vil eg nemne

helselaga våre som i over 100 år har gjort, og framleis gjer, ein flott innsats både som frivillige og ved å støtta opp om gode føremål.

Dyktige idrettsutøvarar og eit yrande liv i lag og organisasjonar er med på å sikre at me har gode nabolag, der ein ynskjer at både dei som bur der no, og framtidige naboar skal trivast. Takk difor til alle foreldre som sel pølser i kiosken, til besteforeldre som baka kaker og stiller opp, og takk til alle de både i drillen og i korpset bidreg til at toget i dag vert ein fest.

Eg er som ordførar svært stolt over det rause, varme og inkluderande samfunnet eg opplever me har her i kommunen vår. Det skal vere godt å bu i Sveio, enten du har budd her heile livet, flyttar inn frå ein annan stad i Noreg, eller, som me har opplevd no, at ein kjem hit frå andre stader i verda råka av krig og uråd.

Avslutningsvis ynskjer eg å trekkje fram spesielt to grupper i kommunen som eg ynskjer å retta ei ekstra takk til. Først ei stor takk til alle våre tilsette som uavhengig om det er kvardag, helg eller heilagdag går på jobb for å gje omsorg, hjelp og sikra beredskapen vår. Eg vil også rette ei stor takk også til alle dykk som på dugnad har stelt i stand alt det kjekke me får oppleve på denne flotte dagen!

For det flotte landet vårt, og den gode kommunen me bur i, har me i dag pynta oss, heist flagget og sunge av full hals – og nå seinare skal me eta alt det is me berre klara!

Eg ynskje dykk alle ei fantastisk 17. mai-feiring!